

## Årsmelding for Pasienttryggingutvalet 2017

### Innhald:

1. Samandrag
2. Om Pasienttryggingutvalet
3. Arbeid og saksmengde
4. Særskild omtale av enkeltsaker
5. Økonomi
6. Evaluering av 2017
7. Satsingsområde for 2018

### 1. Samandrag

Pasienttryggingutvalet (PTU) er eit utval under Kvalitetsutvalet og har som hovudoppgåve å ivareta oppgåvene som Helse Førde er pålagt etter § 3-3 i Spesialisthelsetenestelova; om meldeplikt til Helsedirektoratet om pasientskade.

Denne årsmeldinga fortel om arbeidet som har vore gjort i utvalet i 2017, kva saker som har vore behandla, statistikk og om aktuelle tema i høve arbeidet med pasienttryggleiken i føretaket.

### 2. Om Pasienttryggingutvalet

Medlemer i 2017:

Rolle	Namn	Tittel/avd.	Merknad
Leiar	Kristine B. Longfellow	Fagdirektør	
Medlem	Reidunn Bergheim	Seksjonleiar/spl. Operasjon FSS	
Medlem	Lasse Lesto	Avdelingssjef/spl. Ortopedisk avd.	
Medlem	Hildur Thingnes	Seniorrådgjevar/spl. Medisinsk avd.	
Medlem	Marit Slettevold	Avd.sjef. Psykiatrisk klin./sjukepl.	Vara tom. sept, fast etterpå
Medlem	Andras Vikar	Barne/ungdomspsykiater, UPH	
Medlem	Geir Andvik	Avdelingssjef kreftavd./sjukepleiar	Medlem t.o.m. april
Medlem	Liv Stokkenes Jacobsen	Seniorrådgjevar/sjukepleiar NPS	Medlem t.o.m. september
Medlem	Robert Brennersted	Avd.sjef akuttmed. AAM/overlege	
Medlem	Laila Haugland	Seksjonsleiar med.seksj. NSH/spl.	Vara tom. april, fast etterpå
Medlem	Susanne Wilhelm	Farmasøyt, Legemiddelkomiteen	
Medlem	Kari Holvik Furevik	Seksjonsleiar KOP Stab&støtte/spl.	Medlem frå juni
Varamedlem	Mari Veien Teige	Ass.avd.leiar AAM / sjukepleiar	Vara for Brenner. tom. juni
Varamedlem	Helga Brenne	Seksjonsleiar ort.avd. FSS/sjukepl.	Vara for Bergheim
Varamedlem	Anja Myhre Hjelle	Reumatolog, Reumatologisk avd.	Vara for Thingnes
Varamedlem	Margun Thue	Seksjonsleiar LSH, Ortopedisk avd.	Vara for Lesto
Varamedlem	Thor Christopher Fink	Psykiater, Psykiatrisk klinikk	Vara for Longfellow
Varamedlem	Åse Katrine W. Johnsen	Overlege medisinsk avd. FSS	Vara for Wilhelm, LMK

Seksjon kvalitet og pasienttryggleik har sekretær i PTU. I 2017 var dette Irene Barmen Hoel. Mandatet for PTU ligg som dokument i Kvalitetshandboka, og skildrar samansetjing, møtefrekvens og oppgåver.

PTU har 11 møter i året, kvar måned utanom juli. Møtet vert vanlegvis halde den siste torsdagen i kvar måned, frå kl. 12.00 – 15.30. Utvalet starta opp hausten 2009.


Saklista er sett opp slik:

- utsette saker frå førre møte
- pasientsaker frå førre måned
- samhandlingssaker med kommunane
- val av saker til offentleggjering og godkjenning av tekst på desse
- læringsmoment som er vurdert i møtet
- informasjonssaker og læringsmeldingar
- andre saker som varierer frå møte til møte

### 3. Arbeid og saksmengde

Diagrammet under viser kor mange pasientsaker som har vore melde i avvikssystemet i dei siste åra.

- Det var i 2017 meldt 82 saker til Helsedirektoratet etter § 3-3 i Spesialisthelset.lova
- Det var meldt 114 pasientrelaterte saker med konsekvens
- Det var meldt 413 pasientrelaterte saker utan konsekvens




Diagrammet viser at tal pasientsaker med og utan konsekvens har hatt ein liten nedgang det siste året, medan tal saker melde til Helsedirektoratet, gjekk mykje ned frå 2015 til 2016. Saker som skal meldast til Helsedirektoratet, er saker der det har skjedd skade på pasient, eller der det er fare for skade på pasient.


Diagrammet under viser kor mange pasientsaker frå avvikssystemet Synergi i 2017 som stod på saklista til PTU til kvart møte i løpet av året.

- Samhandlingssaker gjeld saker som omhandlar svikt i samhandlinga mellom helseføretaket og kommunane.

- Pasientsaker er saker som er melde etter § 3-3, samt saker som er alvorlege, men som ikkje er melde til Helsedirektoratet.
- Utsette saker er saker som ikkje er nok utgreia, og må sakshandsamast betre frå avdelinga si side før avgjerd i utvalet.



Diagrammet under viser kor mange informasjonssaker som blei behandla i PTU i 2017. Dette gjeld saker som er komne inn til Lytteposten, klagesaker frå pasientar eller pårørande, tilsynssaker frå fylkesmannen og vedtak om erstatning frå Norsk pasientskadeerstatning (NPE). Vedtak om avslag på søknad til NPE, går ikkje til utvalet. PTU handsama i snitt 41 saker i kvart møte i 2017. Dette er både Synergisaker og informasjonssaker.



Spesialisthelsetenestelova § 3-3a gjev føretaka pålegg om å melde dei alvorlegaste hendingane i høve pasientar, til Statens helsetilsyn. Desse blir kalla varselsaker. I 2017 melde Helse Førde fire varselsaker til Statens helsetilsyn. Dette var tre sjølv mord og eitt sjølv mordsforsøk.

Når varselsaker blir melde, har Statens helsetilsyn tre reaksjonsmåtar:

- dei kan avslutte saka utan vidare behandling
- dei kan be fylkeslegen opprette tilsynssak
- Statens helsetilsyn kan komme til føretaket på stadleg tilsyn.

I 2017 vart det av dei fire varselsakene oppretta ei tilsynssak. To av sakene vart avslutta etter innleiande undersøkingar, ei sak vart av Helsetilsynet vurdert som ikkje meldepliktig. Det var ingen stadlege tilsyn. Varselsakene vert også melde som § 3-3 saker.

Dersom det er saker som utvalet treng ekstra informasjon om, vert aktuelle leiarar invitert til møtet i PTU. I 2017 var leiarar frå ANRR, kreftavdelinga, medisinsk avdeling og DPS døgn invitert til utvalet. Frå kvart møte i utvalet er det lagt på intranett under «Les og Lær» ulike læringsmoment som er vurdert i møtet. Desse står også i referatet frå møta.

Helsedirektoratet tek mot § 3-3 meldingar frå heile landet. Ut frå desse meldingane utarbeider dei læringsmeldingar til føretaka, slik at føretaka kan lære av alle saker som er melde. I 2017 sende Helsedirektoratet ut fem slike læringsmeldingar. Desse blir formidla til aktuelle avdelingar.

Offentleggjing av 3-3 saker: PTU har i 2017 offentleggjort sju saker på internett. Sakene hadde desse tema: Varsel om fødsel til helsestasjon, ventetid på CT-svar, utlån av personell, informasjon til sjukeheim, tilgang til journal, munnleg ordinerings av medisin og medisin som ikkje skulle vore gitt.

#### **4. Særskild omtale av enkeltsaker**

Utvalet har sett særleg på svikt i hjerneslagflyten, og ser at her trengs ein grundigare gjennomgang for å sikre alle delane i behandlingsskjeda. PTU har avdekket at det er fare for svikt i legemiddelhandtering når kreftbehandling skal dokumenterast i mange ulike system som Cytodose, Meona, osv. Innføring av elektronisk kurve i 2017 har ført til fleire hendingar der både svikt i det elektroniske systemet, og bruken av verktøyet har vore årsaka. Ida-saka / glassjenta har også vore drøfta i utvalet, og følgt opp i psykisk helsevern.

#### **5. Økonomi**

PTU har ikkje eige budsjett. Utgifter til møta blir dekket av kvalitetsutvalet.

#### **6. Evaluering av 2017**

Nytt dette året er at seksjonsleiar for Kvalitet og pasienttryggleik har fått fast plass i utvalet. Det har også kome ny fagdirektør. Desse har medverka til at utvalet har endå meir overordna systemfokus enn tidlegare. Utvalet har heile tida vore i utvikling for å betre kvaliteten og ivareta pasienttryggleiken i føretaket.

#### **7. Satsingsområde for 2018**

Kvalitetsutvalet har vedteke eit nytt mandat for PTU for 2018. Fokuset blir endra frå å ha litt innsikt i mange saker, til å ha grundig innsikt i få saker. Det nye PTU vil i større grad arbeide med tema og gjentakande avvik. Mellom anna vil det bli sett nytt fokus på heile pasientforløpet for hjerneslag. Det vil bli vektlagt læring av avvika, utarbeiding av konkrete tiltak og endringar, og oppfølging av desse.